

Returadresse:
NIFYEA v/ Christian Harholt
Holen
6460 EIDSVÅG i R.



World peace through understanding

IFYENYTT

Nummer 1 – 2004



"Her har eg teke med meg styret ut på tur i Trondheim"

Presentasjon av styret -- Årsmøtereferat -- Årsplan -- IFYE-mottak -- Landsleir
Sladder -- Hausttreff -- Mat -- www.ifye.no -- 4H-prosjekt -- IFYE-kafe --Verving

ÅRSPLAN for NIFYEA

April

- 3.-4. Styremøte i Trondheim
- 23.-25. Årsmøte i Norske 4H
- 30. Frist for påmelding til konferanse i Skottland

Mai

- 4. 4H-dagen

Juni

- 4.-6. Styremøte
- 23.-25. IFYE-mottak, Fetsund og Oslo m/omegn
Samt diverse fylkesleire.

Juli

- 21.-24. Europeisk IFYE-konferanse i Skottland

August

- 7.-14. Landsleir i Telemark, Seljord
- 8. Årsmøte i Norske 4H-alumner
- 20. Påmeldingsfrist til høsttreff, NIFYEA
- 27. Manusfrist, IFYE-nytt
- 27.-29. Styremøte

September

- 10.-12. Hausttreff / haustkurs, stad ikkje bekrefta

Oktober

November

- 5.-7. Styremøte
- 30. Frist for å sende årsmøtesaker til styret

Desember

- 10. Juleavslutning NB: dato ikkje bekrefta!

Januar 2005

Februar

- 4.-6. Utreisekurs, Noreg

Mars

- 12. Årsmøte, Oslo



STYRET:

Leiar

Jon Kåre Solås
Dybdahls vei 4 P-14
7051 Trondheim
97155058
jonksola@stud.ntnu.no

Nestleiar

Eirin Kristiansen,
Brattvollvn. 6
7056 Ranheim
74 39 45 98
91 36 41 15
eirin_smiley@hotmail.com

Kasserar

Maria Skartsæterhagen
Herman Krag's vei 25-62
7050 Trondheim
97 02 46 94
mariaksk@stud.ntnu.no

Sekretær

Kristine Nyborg
Nordby gård
2160 Vormsund
+45 54 95 45 25
+45 24 61 45 64
922 86 496
kristine_nyborg@hotmail.com
vikingaloca@imma.dk

Styremedlem

Christian Harholt
Holen
6460 Eidsvåg i R.
97178438
71233217
charholt@online.no

Vara

Bodil Pedersen
Tingelstadvn. 7
3070 Sande i Vestfold
98460339
33770428
bopeden@hotmail.com

Helsing frå den nye NIFYEA-leiaren

Heisann vyrde IFYE-alumnar og alle andre som skulle komme over dette nummeret av IFYE-nytt.

Som dei fleste av dykk veit, så har ikkje IFYE-programmet vore heilt på skinner i den seinare tid, med frysing i USA, lågare tal inn- og utreisande IFYE'ar, og endå til var programmet under lupa i samband med Norsk 4H sin strukturgjennomgang. Dette høyrer i utgangspunktet ganske trist ut, men for å nytte ein god floskel: det er i motbakke det går oppover. Fleire IFYE-alumnar har på eige initiativ tatt fat i situasjonen og endå fleire har gjeve sin tilslutning under vegs til å sikre eit levskraftig IFYE-program og det er med denne støtta i ryggen det nye styret har lagt lista for året som kjem. Vi vil gjere det vi kan for å oppretthalde tradisjonane, samtidig som utfordringane programmet har møtt krev nytenking. Samstundes som vi drifrar mottak av utanlandske IFYE'ar og alumnaktivitetar, må vi tenke framover. Korleis skal utvekslinga organiserast, kva land skal vi satse mot, og korleis sikrar vi at denne utvekslinga er attraktiv i forhold til for eksempel skuleutvekslingar? Ei av det viktigaste kjeldene til ei blømande IFYE-utveksling vil garantert vere det sosiale fellesskapet og den kreative ståpåviljen som IFYE'ar deler. Eg håper derfor du finn glede og inspirasjon i å delta på dei ulike IFYE-aktivitetane; om det er kafé, mottak, konferanse, å vere vertsfamilie, haustkurs(?), eller utreiseseminar. Uavhengig av ei framtidig organisering, vil aktive og entusiastiske alumnar vere berebjeleke for utvekslinga. Som eit ledd i dette ønskjer vi i styret å arrangere eit haustkurs der vi også inviterer 4H-alumar til felles samvær og læring med fokus på internasjonal forståing og kultur.

Vi i styret er beviste på dei utfordringane og oppgåvene som ligg framfor oss, men all støtte og innspel vil hjelpe oss til å gjere det mest lærerike utvekslingsprogrammet endå betre og meir attraktivt.

Med vyrdsam helsing,

Jon Kåre Solås

Presentasjon av nokre av styremedlemmane:

Leiar:

Jon Kåre Solås, født: 08.01.1978

IFYE: 1999 til USA (Texas og Ohio). Kjem frå Vereide, Gloppen kommune i Sogn og Fjordane, er for tida student ved NTNU i Trondheim

Litt om meg sjølv:

Er litt opptatt av krig og fred og slikt, men mest av alt likar eg å lage, eller kanskje heller innta, god mat saman med gamle og nye vener. Som dei fleste IFYE'ar så hadde eg ei av mine livs beste opplevingar under IFYE-opphaldet og unner også andre denne opplevinga. Då eg deltok på min første konferanse i fjor vart eg uroa over å høyre om dei mørke skyene som finst for IFYE-programmet og ville gjerne medverke til ei tryggare framtid. Difor takka eg ja til å la IFYE-arbeidet verte den viktigaste hobbyen min.

Kasserer:

Jeg heter Maria Skartsæterhagen og er ny i styret i år. Jeg var IFYE til Skottland, England og Wales i 2003 og har ellers en ganske lang 4H-bakgrunn fra Ridderen 4H i Fetsund. Nå har jeg imidlertid flytta til Trondheim hvor jeg studerer siv.ing.

Vara:

Jeg heter Bodil Pedersen, er 24 år og bor i Sande i Vestfold. IFYE turen min gikk til USA i 2003. Før jeg dro avslutta jeg utdannelsen min, og nå etter jeg er kommet hjem søker jeg på en ordentlig jobb. Mens jeg venter på det har jeg en sjauejobb der jeg sliter fra tidlig til seint...

Sekretær:

Litt om meg selv:

Etter et halv år i Costa Rica og to år i Danmark, vender jeg forhåpentligvis snart til gamlelandet som utdannet multimediedesigner. Jeg er 24 år, og dette er mitt andre år som sekretær i NIFYEA. Ellers har jeg lenge vært i styret i GVAA, før IFYE-ånden tok meg! Elsker turer, musikk og tegning, og håper jeg en dag får muligheten til å besøke tusen flere land!

Kristine Nyborg.

INFO

EIFYEA

Dette er en fellesorganisasjon for alle IFYE-klubbene i Europa. IFYE-er kan tegne seg som medlem ved å betale tilleggskontingent til NIFYEA, for tiden kr 130/år, eller livsmedlemskap kr 1300,-

Som medlem i EIFYEA kan du delta på europeisk IFYE-konferanse, og verdenskonferanse, og du vil motta europeisk nyhetsbrev.

EIFYEA har eit styre, hvor den norske representanten er Geir S. Hjelen. Årsmøtet blir holdt årlig, på den europeiske IFYE-konferansen.

HAUSTTREFF

I år slår vi på stortromma, og inviterer ALLE 4H-alumnar og IFYE-ar i Noreg til Internasjonalt hausttreff. Fleire i styret har vore med på haustkurset som Norske 4H-alumnar har arrangert i samarbeid med alumnklubbar rundt om i landet, og vi meiner at no er det så absolutt vår tur til å lage eit kurs etter våre maler og ønske!

Datoen blir 10. - 12. september, staden er foreløpig ubekrefta.

PROGRAM

Her har vi så langt berre mange kjempegode idear, og heller lite handfaste punkt og avtaler.

Ein viktig del av kurset vil handle om kulturskilnader og kulturforståing. Eit anna naturleg innslag blir å nytte dei IFYE-ane som er i Noreg i denne perioden. Vi reknar med at vi skal finne mange kursinstruktøremner i medlemsmasen vår, så de kan alle som ein setje av helga. Og gjerne førebu eit eller anna konkret innslag, for alle IFYE-ar er jo godt kvalifisert til å stille opp. (Les: du kan rekne med å bli spurt!) Haustkurset blir ein viktig del av ei intensivert satsing på verving av nye IFYE-ar.

Har du eit forslag til lokalitet, eller programinnslag, så er kortaste veg til styret:

styret@ifye.no

IFYE-HISTORIER

Har du nokon gong vore på sukkerrørslang, vore i 5 bursdager på ei uke eller brukt søndagene sammen med familien til ulovlig orkidesanking? Det har eg! Og det er bare nokre av opplevelsene eg hadde som IFYE i Costa Rica! I et halvt år så budde eg i dette fantastiske, lille landet i Mellom-Amerika. Nå er det litt over to måneder siden eg kom heim, og inntrykkene har ennå ikkje heilt sunket inn. For det er litt av en del inntrykk som skal fordøyas når man har budd i eit anna land såpass lenge, i ein annan kultur og i fem forskjellige familier. Eg fekk tatt del i hverdagen til alle disse familiene, men eg opplevde også mye annet som nok ikkje kan seie å være ein del av hverdagen. Siden det er begrenset med plass her så vil eg skrive om ein ganske spesiell hendelse.

Det var ein begravelse eg var med i den andre månaden eg var i Costa Rica. Dette er noko ein ikkje hadde opplevd hvis ein hadde reist som turist samtidig som det ikkje er noko som skjer i Norge.. Det er med slike hendingar at ein skjønar at ein befinn seg i eit anna land og i ein annan kultur. Sjølv om dette nok ikkje var ein typisk begravelse i Costa Rica, det var nok ein utanom det vanlege.. Men ein ting som er vanleg i Costa Rica er at den døde blir begravd innen 24 timer etter døden inntreff. Dei sa det var for at kroppen skulle komme fortast mulig opp til himmelen, men det hadde nok litt praktiske grunner også ved at dei ikkje hadde nokon kjølege plassar å oppevare liket på. Når begravelsen blir heldt så fort så etter dødsfallet så blir nok begravelsessermonien ikkje fullt så godt planlagt som her heime, men likevel så trur eg at ein skal leite lenge etter ein begravelse av den typen eg opplevde..

Det var bestefaren til naboane som hadde dødd og eg var med mora mi i begravelsen. Kyrkja der begravelsen blei holdt var ennå ikkje ferdigbygd, golvet var framleis berre av jord og det manglet dører og glass i vinduer. Det blåste ganske bra den dagen og med full gjennomtrekk i kyrkja så blei lysene på kista og alteret slukket gang på gang.(Tålmodige kyrkjetjenere tente dei gang på gang..) I eit kraftig vindkast så blei også kistelokket smelt igjen (det var åpen kiste slik at ein kunne se den døde.) Eg skvatt som bare det! Skulle jo nesten tro at den døde hadde gjenoppstått! Da presten kom (for seint) måtte dei pårørende sneu kista, dei hadde visst satt den feil vei. Kista var plassert på to stoler, men etterhvert kom den tredje- dei var kanskje litt redd for at den skulle velte i vindkastene?..

Presten byrja å tale og eg skjønnte ikkje heilt kvifor han snakka om "han" heile tida når han snakket om den avdøde. Eg hadde forstått det slik før me kom at det var bestemora som hadde dødd. Eg spurte vertsmora og ho forklarte meg at, jo det var bestefaren. Ja, ja ein har jo litt språkproblemer i begynnelsen. Men eg var derfor særleg glad for at eg ikkje hadde kikket opp i kista når me kom inn, ein klarer nok aldri heilt å forberede seg på å se ein avdød person-langt verre er det når man forventer noko heilt anna!

Litt uti gudstjenesten så kom ein lastebil med eit lass fullt av sand som blei dumpet rett utforbi inngangen. Det bråkte så fælt at presten måtte stoppe midt i Fadervår. Og mot slutten av begravelsen så kom ein hund snusende inn for å se hva som skjedde. Eg klarte liksom ikkje heilt å konsentrere meg om hva som blei sagt i talen, det var desverre så mye annet å følge med på. Ein opplevelse utenom det vanlige som eg nok aldri kjem til å gløyme..

Opplevelser blir man rike på hvis man reiser ut som IFYE!

Og så utrolig moro det er!
Yngvild Abusdal, Grobotn 4H,
IFYE Costa Rica 2003



Mitt IFYE-opphold i USA 2003

Jeg heter Bodil Pedersen og fra juni 2003 til desember 2003 deltok jeg i IFYE-programmet i USA. Jeg hadde to vertsstater, Colorado og Kansas, og 8 vertsfamilier. I løpet av oppholdet opplevde jeg en rekke nye ting og ble kjent med mange interessante mennesker. Før avreise var jeg veldig spent og gledet meg. Avreisedagen var jeg oppe i 4 tida om morgenen for å rekke flyet. Jeg kom til Gardermoen i god tid, fikk sjekket inn bagasjen og begynte å vente på flyet. Jeg skulle fly om Amsterdam til Memphis og deretter til Kansas City for orientering. Dessverre var flyet til Amsterdam forsinket, slik at flyet mitt videre til Memphis var allerede reist fra Amsterdam før jeg lettet fra Oslo. Ved ankomst Amsterdam ble jeg derfor booka om på et fly til Detroit med forbindelse til Kansas City. Etter de obligatoriske sikkerhetskontrollene og utspørringene var jeg klar til å stige om bord på flyet. Men det var jeg ikke alene om, flyet var overbooka og jeg var en av tre "heldige" som ikke kom med. Etter mye om og men ble det klart at jeg ikke fikk være med noen flygninger til USA den dagen. I stedet måtte jeg vente til neste. Etter at en rekke flyplassansatte hadde sett på meg mens de snakka i vei med kollegaer på nederlandsk ble nye billetter ordnet. Så var det å ringe å si i fra til de som skulle hente meg på flyplassen i Kansas City, jeg kom ikke før dagen etter, kunne de komme å hente meg da? Det gikk i orden og etter en natt på hotell var jeg igjen på flyplassen, denne gangen klokka seks på morgenkvisten. Heldigvis fikk jeg plass på flyet denne dagen og jeg kom meg til Detroit, dessverre gjorde ikke bagasjen min det. Å forklare immigrasjonsmyndighetene hva jeg skulle gjøre i USA og hvorfor jeg kom en dag etter opprinnelig billett, var ikke så enkelt. Ved ankomst Kansas City fikk jeg meg en annen overraskelse, det var varmt! 34°C i skyggen og en luftfuktighet på 90% var jeg ikke helt forberedt på.

Den første vertsstaten min var Colorado, og jeg forbandt Colorado med fjell. Men Colorados fjell ligger i den vestlige delen av staten, de fleste vertsfamiliene mine her bodde i øst eller sørøst. Og der er det prairie som grenser til ørken. Og varmt. Og cowboyer. Det var nesten som å komme til en cowboyfilm. Jeg var helt uforberedt på at folk gikk rundt kledt i cowboystøvler, trange olabukser med belter med store beltespenner, rutete skjorter og cowboyhatter. Selvfølgelig fikk jeg med meg rodeo mens jeg var der, og etter hvert fikk jeg faktisk et innblikk i denne cowboykulturen og om hva som var in akkurat mens jeg var der.

Jeg har ikke hatt noen store språkproblemer mens jeg har vært av gårde. Dessverre hadde jeg glemt min Norsk-Engelsk/Engelsk-Norsk ordbok hjemme. Det resulterte i at jeg våkna noen netter med full panikk over ikke å huske et bestemt ord, hva det het på norsk eller hva det het på engelsk. Men etter en halv times tid fikk jeg roa meg igjen og sovna. Noen feller gikk jeg selvfølgelig i, den mest pinlige var da jeg var med den 14 år gamle vertssøsteren min på skolen. I første time hadde de gruppe arbeid og jeg satt å rabla på en blokk. Gutten som satt ved siden av meg hadde et viskelær som jeg trodde jeg spurte om å få låne. Men det gjorde jeg ikke, jeg brukte nemlig det engelsk-engelske ordet "rubber" som jeg lærte på skolen. I USA betydde det kondom, mens ordet "eraser" blir brukt om viskelær. Selv om det var litt pinlig tror jeg guttungen var mer flau enn jeg, og vertssøsteren min var så flau av meg at hun nekta å snakke med meg resten av dagen.

Jeg har hatt et utrolig fint opphold og er veldig glad for at jeg fikk dra. Håper derfor at andre også vil få muligheten til å reise til USA gjennom IFYE programmet.

IFYE-mottak, 23. - 25. juni

Tradisjonen blir ikkje halde vedlike i år, "base" for mottaket vil bli på Fetsund. Det sosiale, og god og riktig informasjon om Norge, 4H, og opphaldet ellers vil bli prioritert, i staden for storbylivet i Oslo.

Det vil sjølvsagt vere mogleg å møte opp for å helse på dei nye IFYE-ane, og delta i det sosiale arrangementet. Torsdag formiddag og ettermiddag skal vi vere i Oslo, før vi reiser tilbake til Fetsund i kveldinga.

Også i år vil vi gjerne knytte til oss "fadderar" til dei innreisande, som kjem frå Sveits, England, Costa Rica og Nord-Irland.

Fadderane blir presentert som ein "backup contact person" for dei innreisande.

Kontaktperson for mottaket er Maria Skartsæterhagen.

Nærmare info kjem på www.ifye.no!

Landsleir!

Årets 4H-landsleir er i Seljord i Telemark, 7. - 14. august.

Her skal vi nytte høvet til å vise fram IFYE-ane våre, og vi vil gjerne formidle gode IFYE-historier til leirdeltakarane.

Skal du på leiren, og har ei historie som "kremen av norsk ungdom" bør få høyre, så er dette plassen og staden! Ta med deg det du måtte ha å syne fram, styret har "bestilt" "prime time" scenetid. Vi tek sikte på at ingen av leirdeltakarane skal reise heimatt frå leiren, utan å ha fått ein god og fristande smakebit av IFYE-livet.



Niklas og Christian syner fram det siste i "Bush-outfits" frå Australia

4H-prosjekt

Årsmøtet i NIFYEA gjorde vedtak om at vi skal finansiere utviklinga av eit 4H-prosjekt i internasjonalt arbeid.

Hovudmålsetjinga med 4H-prosjektet er å fremje internasjonal forståing. I tillegg vil det hjelpe oss i arbeidet med rekrutering av nye IFYE-ar og vertsfamiliar. Vi ventar på tilbakemelding fra utvalget om korleis jobben går, men vi reknar med at resultatet blir framifrå. Prosjektheftet skal etter plana vere ferdig til bruk i 4H-året 2005.

Arbeidsgruppa består av Anita Larsen Panman, Hallvard Hatlestad, Kari Bjørke og Signe Nyland.

Til dei som enda ikkje har oppdatert seg, 4H-prosjekt er det som tidlegare var kjent som 4H-oppgave.

SLADDER, RIS OG ROS

Redaktøren kan no kalle seg "villa-eigar". Og dermed har også IFYE-nytt fått eige redaksjonskontor!

Nestleiar Eirin er redd for troll, ja faktisk så redd at det kan få ho til å gjere nærast deliriske handlingar, slik som å reise heimefrå i 5-tida, berre for å vere på skulen før alle andre.

Og ja, det er arten eksamenstroll vi snakkar om.

Adresser

"Redaktør" Christian vil med dette takke alle som har nytta kontingentinnbetalinga til å opplyse om adressa si.

Men **kasserar Maria** har også fått ei anonym innbetaling frå ein konto som sluttar på **4914**. Ho vil gjerne ha greie på navn og adresse på vedkommande.

Vi opplever rett som det er at post kjem i retur. Send oppdatert kontaktinfo til styret. Send gjerne e-postadresser også!

Om du les dette bladet, og **ikkje forstår nokon ting** av det vi skriv om, men tvert imot føler deg heilt utafør, så kjem dette av at redaktøren har brukt mykje tid på nettet for å finne tak i adresser på medlemmar vi har "mista". Derfor er det ein viss sjanse for at nokre av adressene er feil, slik at bladet hamnar i postkassa til personar utan kjennskap til korkje 4H eller IFYE-utvekslinga.

Baktanken med å sende IFYEnytt til så mange som kanskje ikkje har den heilt store tilknyttinga til 4H eller IFYE-livet er at styret ønskjer å knytte til seg så mange som mogleg i tida framover. Vi tenkjer da spesielt på at dette trengs for å sikre god kvalitet i IFYE-utvekslinga i Noreg, og at vi skal arrangere europeisk IFYE-konferanse i 2007

Og det er jo som kjent baktanken som teller

Tips oss

Send gjerne inn tips og sladder om andre, og deg sjølv!

IFYE-STAFETTEN?

Kor stoppa den eigentleg opp?

No har vi fått eit par kjempegode historier i dette nummeret, men styret ønskjer likevel at stafettspinnen blir plukka opp igjen der han falt ned. For å friske opp hukommelsen litt, slik stoppa stafetten opp:

"Jeg utfordrer unge fru Hjelt (Hilde var IFYE til USA i 80) til å komme med en av sine IFYE-betroelser neste gang! :-)

PS: Måtte stafetten vare lenge-lenge , for jeg vet at det er atskillig mye moro å fortelle! Og så sees vi på konferanse, vel?

Hilsen Inger Christine Groseth, (CH'92)"

Med andre ord:

Det vi er ute etter er skildringar av gode minner frå IFYE-konferanse, eller andre delar av IFYE-livet enn sjølve utvekslinga.

Utfordringa står vel fortsatt ved lag, så det er berre å plukke ho opp.

Christian

www.ifye.no

Nettsida er under stadig utvikling, slik som alle gode nettsider skal være.

Nettredaktøren vil gjerne ha flere innspill på utforming og innhold.

Mange muligheter

En glimrende ide som kom opp på sist styremøte: "IFYE Bed & Breakfast guide"?

Oversikt over IFYE-er i Norge som kan tilby enkel overnatting til IFYE-er på reise i Norge. Denne lista kan for eksempel ligge ute på vår vevside, eller vi kan legge ut kontaktinformasjon til en koordinator, som kan formidle informasjonen.

Om noen vil stå på en slik liste, send kontaktinfo til styret. Husk også å gi beskjed om du vil at dette skal legges ut på nettsiden, eller om det skal sendes ut på forespørsel.



IFYE-KAFE'

Vi ser gjerne at fleire byar får nokon som kan organisere slike treff. Ein treng ikkje lage noko stort byråkrati rundt dette. NIFYEA og IFYEnytt vil formidle informasjon ut til folket.

Sett i gang!

Sjekk www.ifye.no for neste kafe' i Oslo.



IFYE-effekter

Styret vil gjerne lage nye profileringsartiklar. Send inn ønske/forslag til styret. Tenk også på at desse artiklane skal brukast og selgast under konferansen i 2007, og at dei skal kunne brukast i "vanleg" 4H-sammenheng, og i dagleglivet ellers.

Kortreferat frå styremøte

Det første "riktige" styremøtet heldt vi i Trondheim i palmehelga.

Frå eit fyldig referat kan vi nemne:

- Fullføring av årsplan, og vurdere årsplana i sammenheng med budsjettet.
- Laga årsplan for styrearbeidet, oppnemnde ansvarlege for dei enkelte tilskipningane.
- Grovplanlegging av dei nærmaste tilskipningane, IFYE-mottak, 4H-landsleir og hausttreff/haustkurs.
- Evaluering av internettsidene våre

Støtt Norske 4H!

Ønsker du å kjøpe lodd i landslotteriet til Norske 4H?

- 1 Kontakt Norske 4H for å få tilsendt lodd**
eller
- 2 Sett inn kr 10,- pr lodd på kontonummer: 0530 22 55727 (NIFYEA), merk innbetalinga med landslotteri, og din kontaktinformasjon**

Kjøper du lodd i landslotteriet støtter du samtidig NIFYEA, og du er med å sikre videre drift av 4H- og IFYE-arbeidet i Norge.

Juleavslutning

Neida, det er ikkje for tidleg å tenke på jul i juni.

Juleavslutninga vil bli i veke 50, IFYE-ane avsluttar utvekslinga 10. desember. Meir info rundt dette kjem seinare.

Frist for innsending av stoff til neste nummer: 27.august

Siste frist for innbetaling av kontingent til Norske 4H er 1. juni.

Det vil seie at om du vil stå i manntalet for 2004, så må NIFYEA-kontingenten vere innbetalt før denne datoen!

Kr 160,- til kontonummer: 0530 22 55727

HUGS Å SENDE OSS ADRESSEOPPDATERINGAR!

OPPRIT FRÅ ÅRSMØTET I NIFYEA 2004



Lokala åt Juvente, Torggata 1 i Oslo; 13.mars 2004 klokka 12.00
Det var 17 som hadde møtt fram, 16 av desse med røysterett.

Håkon A. Solberg opna møtet og ynskte velkomen; takka for dei innkomne sakene, og fortalde noko om dei utfordringane me har hatt dette førre året – omorganisering i Norske 4H med konsekvensar for IFYE-programmet, arbeidssituasjonen i styret med medlemmer som har vore svært spreidde geografisk, det flotte arbeidet med heimesida, og prøveordninga med sams utgjeving av IFYE-nytt og Alumn-nytt.

Hilde W. Riser vart vald til møteleiar, Gyro Knutsdotter Homme til skrivar.
Til å skrive under protokollen fekk me Knut Vognill og Anita Panman.

Innkalling og sakliste vart sende ut utan fullstendige sakspapir, men årsmøtet valde å godkjenne desse. Møteleiar kom med framlegg om å leggje inn ein pause, og setje slutt-tida for møtet til klokka 16.00.

Årsmelding for 2003 vart lagt fram av leiar Håkon A. Solberg.

Det var nokre merknader:

- Det har berre vore to styremøte etter årsmøtet i 2003, ikkje tre som det står i årsmeldinga (eitt av desse var *før* årsmøtet 2003).
- Bør ta med vedtaket som vart gjort om å stø den nordiske kvelden på verdskonferansen (Sigtuna 2003), då rekninga på desse 5000 kr kjem no i 2004.
- Ifye-kafé: Presisering; NIFYEA stør Ifye-kaféane med opptrykkjning og utsending av oversyn med stad og tid (ikkje berre porto som det står i årsmeldinga).
- Ordskifte om rammene for "kva er ein IFYE", med spørsmål om ikkje dei ungdomane som har vore på nordisk utveksling ogso bør kome med i oversynet over kven som har vore ute siste året? IFYE vert du når du har fått plaketten, og vore på utveksling i tre månader. Dette har vorte tøygd noko, m.a. avdi nokre europeiske land berre har hatt to månaders utveksling. No vert ogso IFYE-ambassadørane (seks veker til USA) rekna som ein del av IFYE-programmet. Dette lyt oppdaterast i høve vevsidene! Ein kan i alle høve vere med i IFYE-klubben, om ein *er* IFYE eller ikkje.
- Det vart stilt spørsmål om det rette talet medlemmer i 2003, som i høve rekneskapen er 47.
- Årsmeldinga bør innehalde ei skildring av alt arbeidet som har vorte gjort siste året, ikkje berre styret sin innsats. Soleis burde ein hatt med det arbeidet som har vorte gjort med utviklinga av 4H-prosjektet "Internasjonalt arbeid".
- Geir Sandvik Hjelen er vald inn som styremedlem i EIFYEA for to år, noko som óg bør nemnast i meldinga for 2003.
- Årsmeldinga for 2003 lyt korrigerast og leggjast ut på vevsida vår.

Samrøystes godkjend med merknader.

Rekneskapen 2003, ved Hallvard Hatlestad (for kasserar Kristine Kjelstadli).

Rekneskapen syner eit overskot på vel 12000; det er tredje året på rad at NIFYEA går med eit overskot på over 10 000 kroner.

Merknader:

- Presisering: Posten "utestående/gjeld" er eigentleg *til gode*; ein har pengar ståande på konferansefondet sin konto pga renta. Dette bør gjerast klårare i teksten/oppsettet.
- Medlemspengane til Norske 4H og EIFYEA lyt betalast i tide! Her har det vore for mykje slurv siste åra. Oppmoding til den nye kasseraren!
- Det er viktig å bruke pengane me har, få i gong aktivitetar og marknadsføring heller enn å ha pengar på bok!

Rekneskapan til Konferansefondet vart ogso lagt fram, denne syner ein reduksjon i fondet på kr. 5700. Desse pengane vart løyvde til fyrstegongsreisande på konferanse, og var ein medviten bruk av pengar av årsmøtet i 2003 for å få opp aktiviteten.

Revisor Geir Sandvik Hjelen hadde nokre få merknader: Det manglar éi kvittering; ein bør få eit betre system på reiserekningane med underskrifter på kvitteringane, kva det er til osb. Eit skriftleg notat til rekneskapan hadde vore ynskjeleg.

Både rekneskapan for NIFYEA og Konferansefondet vart tilrådd godkjende av revisor.

Samrøystes godkjende av årsmøtet.

Møteleiar kom med ros til god gjennomgong av rekneskapspunktet, og kor godt tida vart halde!

Endringar i Norske 4H og konsekvensane for IFYE-programmet.

Anna Moxnes, landsstyremedlem i N4H, vitra om kva som har skjedd siste året.

Økonomisk krise, oppseiing av tilsette og harde prioriteringar. Det internasjonale arbeidet vart evaluert, og serleg pga dei få utreisande/innkomande dei siste åra vart det tolka som aktiviteten er låg, og at det internasjonale programmet berre treff ei lita målgruppe; noko som gjorde at det lenge hang i ein tunn tråd.

Ein klarte likevel å "redde" IFYE-programmet, som no er ein del av handlingsprogrammet for N4H dei neste to åra. Ein har eit framlegg om eit internasjonalt utval på nasjonalt plan, med ein medlem frå IFYE-klubben/NIFYEA, ein frå Gambia-samarbeidet, ein N4H-alumn (i høve nordisk utveksling), og ein landsstyremedlem (mest fungerande som ein bindelekk). Desse skal arbeide med å halde oppe og vidareutvikle IFYE-programmet, mellom anna har Ghana og Taiwan vorte nemnde som nye samarbeidsland.

Kva kan gjerast vidare – kva er framtida til IFYE-programmet i Noreg? Eit utval (Hallvard Hatlestad, Anna Moxnes, Birgitte Løes og Luuk Geurts) har sett på problemstillinga. Ein vil basere seg meir på friviljug arbeid på lokalt- og fylkesplan, men samstundes er det heilt naudsynt å ha N4H til å organisere til ei viss grad. Som det vart sagt på møtet: Vil me ha satsing i 4H, lyt me gjere arbeidet *sjø/ve!*

Elles – ein stor takk til Arne Forbord for alt arbeidet han har gjort med denne saka siste året!

Me tok eit kvarters pause

Utvikling av 4H-prosjektet "Internasjonalt arbeid" ved Kari Bjørke.

Få det internasjonale arbeidet inn i 4H-klubbane!

Eit utval (Anita Larsen Panman, Hallvard Hatlestad, Kari Bjørke og Signe Nylend) har sett på moglegheita for å utarbeide eit nytt 4H-prosjekt med namnet Internasjonalt arbeid. Ein har sett ei ramme på inntil 90 000 kroner til dette arbeidet, der pengane skal takast frå Konferansefondet. N4H er positive, og det har alt meldt seg stønad til trykkjring og utvikling av bladbunaden. Tidsplanen seier at teksten skal vere ferdig seinsumar/haust 2004, slik at prosjektet kan kome i bruk i 2005.

Ordsiftet syntte at dette er noko folk er svært positive til, mellom anna vart det drege fram at det er viktig å synleggjere IFYE-programmet innan 4H og gjere det til ein del av klubbane. Fylkeslaga brukar mykje tid og krefter på å finne vertsfamiliar – no vil medlemene i større grad verte del av ogso dette. Planane kom på ei sers god tid, jfr endringane i N4H/framtida til IFYE i Noreg. IFYE-programmet er ei "gulrot" som får 4H-medlemene til å fullføre, for sidan å kunne reise ut.

Vidare arbeid med prosjektet:

- Tidsplan
- Pengar
- Kven skal halde fram arbeidet?

Både Kari Bjørke, Signe Nylend og Hilde Riser er positive til å halde fram arbeidet; Anita Panman og Hallvard Hatlestad er interesserte i å vere med i ei ressursgruppe.

Det skriftlege framlegget som låg føre på årsmøtet, vart i lag med eit tilleggsframlegg som skal utarbeidast av ressursgruppa, samrøystes vedteke av årsmøtet.

Vitring om Europeisk IFYE-konferanse i Noreg, 2007 ved Hilde W. Riser

Anita, Hilde, Kari og Signe har formulert framlegget som vart lagt fram for årsmøtet. Det vart ordskifte om korleis det vidare arbeidet skal gå føre seg – ein bør setje ned ein komité som kan planleggje framover og evt finne ein stad, og sidan ha ein hovudkomité som har det meir konkrete planleggjingsarbeidet for sjølve konferansen.

- Kven har lyst/bør sitje i ein slik komité?
- Kva føringar skal komitéen få?
- Kor mykje pengar bør setjast av?

Vestlandet vart føreslege, som ei forandring etter å ha vore i Nord-Trøndelag og Hedmark tidlegare år, men også Vestfold (Tjøme) vart nemnt. Det er viktig med ein stad som er grei å kome til, har eit aktivt 4H-miljø og lokale IFYE'ar. Ein vil freiste å tenkje nytt i konferanse-samanheng, og nytte sambanda mellom konferanse - internasjonalt arbeid – lokalmiljø.

Årsmøtet kom med dette framlegget: Ein komité med desse medlemene: Hilde Riser, Hilde Hjelt og Geir Sandvik Hjelen skal arbeide med å finne framlegg til aktuell stad; framlegga skal vere klare innan eitt år. Ein vil løyve 15 000 kroner til dette førebuing-/ planleggjingsarbeidet; pengar som skal takast frå Konferansefondet som ei førebels løyving/forskot på konferansebudsjettet.

Sponsing av fyrstegongsreisande på IFYE-konferanse – oppfylgging av vedtak frå 2003

Dette kom fram i ordskiftet:

Ein lyt korte inn prosessen: Utarbeide søknadsskjema og –frist (bør liggje på nettsidene), og syte for at løyvingane kjem ut før deltakarane reiser på konferansen. For mange er dette tilskotet til reise avgjerande pga ein høg pris på konferanse elles, og ikkje minst treng me å rekruttere nye, unge folk no, m.a. med tanke på vår eigen konferanse om tre år.

Det kom to framlegg: 1. Setje tak på 15000 kroner i budsjett, og 1500 kr per person
2. 22500 kroner (som i dag); 1500 kr per pers.

Framlegg 1 (15 000 kroner, max 1500 kr per pers) vart vedteke med 15 mot éi røyst.

Me gjorde nokre endringar med omsyn til saklista, og valde å ta årsplan-punktet som ein del av budsjettet: Budsjettet legg føringane for/gjev eit omriss av årsplanen.

Gjennomgong av budsjett ved Hallvard Hatlestad (for kasserar Kristine Kjelstadli) (sjå budsjettet for detaljar)

Kommentarar/merknader:

Inga endring for medlemspengane, men medlemstalet vart justert opp frå 50 til 75.

Sette ned renteinntektene.

Medlemsutsending: Alle bør få minst ei utsending, der giro for medlemspengane er med.

To nummer av IFYE-nytt vert sende til alle som har betalt medlemspengar to år attende i tid.

Kan sjå på kven som kan få tilsendt informasjon over nettet og soleis spare pengar.

Materiell – har ikkje noko på lager i dag. Bør lage t-skjorter til dei som dreg på konferanse i sumar, med reklame for vår eigen konferanse i 2007.

Endra posten "PR og lodd" :

- PR og materiell
- Lodd
- Stønad konferanse

Budsjettunderskotet er på 5000 kroner; dette er medvite då det er viktig å få opp aktiviteten i organisasjonen, og me har pengar som har vorte sparte opp frå dei siste åra – treng difor ikkje ta frå Konferansefondet.

Årsplanen går ut på å fylgje budsjettet, og elles jfr "årshjulet" som vart utarbeidd i 2003.

Val

Valkomitéen la fram si innstilling, som vart samrøystes vedteke. Det er i år lagt vekt på betre geografisk samling av styremedlemene, noko ein har røynt er viktig for arbeidet i styret.

Leiar: Jon Kåre Solås
 Nestleiar: Eirin Kristiansen
 Skrivar: Kristine Nyborg
 Kasserar: Maria Skartsæterhagen
 Styremedlem: Christian Harholt
 Varamedlem: Bodil Pedersen

Revisor: Geir Sandvik Hjelen
 Valkomite: Hallvard Hatlestad
 Solveig Skartsæterhagen
 Knut Vognill

Contact member for konferanse: Jon Kåre Solås (vara: Frå styret)
 Representant til Norske 4H-alumnar og Norske 4H sitt landsmøte: Geir Sandvik Hjelen
 (Styret ansvarleg for å sende ein representant)

Håkon A. Solberg avslutta møtet, takka for seg og styret som har sete i 2003, og ynskte lukke til med arbeidet framover.

Med atterhald om godkjenning, Gyro Knutsdotter Homme

SJOKOLADEKAKEOPPSKRIFT V/LEIAREN

Kakebunn:

450 g margarin

6 egg

400 g farin

3 ts vaniljesukker

6 ss (strøkne) kakao

450 g hvetemel

4 ½ ts bakepulver

3 dl melk

Avkjøl i form

Glasur:

125 g margarin

250 g melis

2 ts vaniljesukker

1 ¼ ss kakao

3-4 ss kaffi

Smelt margarin, bland med resten i mix-master eller for hand.

Stek i langpanne med bakepapir på nederste rille. 180 °C i 25-30 min

Smelt margarin og kjøl den ned, bland i resten og rør under oppkok. Pynt etter behag med non-stop, bamsemums, seigedamer, osv.